

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.02.2021

Svar frå fylkesdirektør:

1. Det er Riksantikvaren som er kulturminnemynde for dei freda og verneverdige (listeførte) kyrkjene. Ansvar for bygningane ligg hos eigarane og kommunane. Vestland fylke har pr. i dag ingen budsjettpost til medfinansiering av brannsikring av kyrkjer. Ny kyrkelov er under utarbeiding. Dersom fylkeskommunane får overført forvaltningsansvaret for kyrkjene, vil det vere naturleg at fylka óg får overført aktuelle statlege tilskotsordningar, slik regionalforvaltninga fekk i samband med oppgåveoverføringa knytt til regionreforma.

Riksantikvaren har i dag eigne tilskotsordningar for:

- brannsikring av stavkyrkjer
- brannsikring av mellomalderkyrkjer i stein
- klimasikring av freda og verneverdige kyrkjer
- istandsetting av freda og verneverdige kyrkjer

I 2020 delte Riksantikvaren ut 70 mill. til istandsetting av verneverdige kyrkjer. Av desse gjekk 21 mill. til utskifting av elektriske installasjonar. Tilskota skal dekke 60 % av kostnadane. Kommunane må også bidra økonomisk. Øvre grense for støtte er kr. 900 000. Følgjande kyrkjer i Vestland fekk støtte over ordninga:

Istandsetting:

BERGEN DOMKIRKE	Vestland	900000
HESTAD kapell	Vestland	100000
KORSKIRKEN Bergen	Vestland	900000
NYKIRKEN Bergen	Vestland	900000
UTVIK	Vestland	300000
VANGEN Aurland	Vestland	500 000

Særskilt til utskifting av el.anlegg:

Vilnes kyrkje	Vestland	20500 0
Nykirken i Bergen	Vestland	60 000
Korskirken, Bergen	Vestland	60 000
Bergen domkirke	Vestland	12180 0
Eid kyrkje, Kvinnherad	Vestland	27000 0
Kvinnherad kyrkje	Vestland	30000 0

St. Jørgen hospitalkirke	Vestland	25400 0
Granvin kyrkje	Vestland	30000 0
Kinsarvik kyrkje	Vestland	300000
Ullensvang kyrkje	Vestland	300000
Utvik kyrkje	Vestland	60 000
Kinn kyrkje, Flora	Vestland	300000
Eikefjord kyrkje	Vestland	150000
Ålhus kyrkje	Vestland	24 099

2. Kyrkjebygg blir ikkje støtta gjennom desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg. I Kulturdepartementet sine retningslinjer står følgjande om formålet med ordninga: «Tilskota skal bidra til egna lokale, bygningar og utearenaer som gjev rom for ulik kulturell verksemd. Tilskot kan gjevast til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur, som bibliotek, bygg for museum eller andre kulturverntiltak, scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst. Tilskot kan og gjevast til etablering av livssynsnøytrale seremonirom.»

3. Sjølv om det er staten som i dag sitt med forvaltningsansvaret for kyrkjene, meiner eg at dei gamle kyrkjebygga er ein viktig kulturminneressurs for Vestland. Då det framtidige forvaltningsansvaret for kyrkjene skal avklarast i samband med ny kyrkjelov, meiner eg at KULII kan ha nytte av å få meir innsikt i forvaltinga av desse verdiane. Eg vil difor be administrasjonen fylgje opp saka i høve Bjørgvin bispedøme og invitera dei inn i eit komande utvalsmøte.